



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking		23/143

### MANDAT FOR FORPROSJEKT STANGHELLE OPPVEKSTTUN

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Mandat for forprosjektet vert godkjent slik det ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Kommunestyret har vedtatt å etablere eit forprosjekt for oppveksttun på Stanghelle. Kommunedirektøren legg fram forslag til mandat for arbeidet.

##### Bakgrunn for saka

I samband med behandling av økonomiplan og budsjett for 2023 vedtok kommunestyret følgande:

*Dagens barnehage på Stanghelle vil bli stengt i byggeperiode for K5, og vil mista mykje av utearealet etter endt bygging. Samtidig har Stanghelle skule behov for oppgradering. For å nytta arealet ved Stanghelle skule best mogleg, og for å sikra god drift, så må ein sjå dette i samanheng. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida mandat for forprosjekt "Oppveksttun Stanghelle" og at dette kan handsamast i Formannskapet i fyrste kvartal 2023. Det vert sett av 350 000 kroner til forprosjektet.*

##### Formelt grunnlag

KOM 89/2022

##### Vurdering og konsekvensar

Eit forprosjekt skal utarbeide eit godt grunnlag for politisk behandling. Kommunedirektøren legg fram forslag til mandat for arbeidet:

Stanghelle Oppveksttun skal

- ivareta eit godt faglege tilbod og eit godt miljø
- gje ei god fysisk løysing ute og inne
- sikre tryggleik for alle born og tilsette
- legge til rette for trygg henting og bringing

Forprosjektet skal utarbeide eit godt avgjerdsgrunnlag for ombygging av Stanghelle skule til oppveksttun inkludert:

- dimensjonering av bygg og uteareal

- teikningar og romprogram
- innarbeide brukarkrav og tekniske krav
- plan for uteareal inkludert trafikkøysing og parkering
- krav til arealeffektivitet og fleksibilitet
- krav til energieffektive og miljøvenlege løysingar
- kostnadsramme
- byggjeprogram og framdrift

Forprosjektet skal legge til rette for brukarmedverknad frå alle involverte brukargrupper i prosessen.

Det vert etablert ei styringsgruppe med medlemmar frå oppvekst og samfunn. Samfunn er prosjekteigar og har mellom anna ansvar for anskaffingar og dialog med fellesprosjektet for K5 med tanke på eksisterande barnehage på Stanghelle.

Det er sett av kr 350.000 kr i budsjettet til forprosjektet. Eit forprosjekt er meir omfattande enn ei mogelegheitsstudie, konseptvalutgreiing eller eit skisseprosjekt. Det må hentast inn kompetanse frå arkitekt og rådgjevarar. Det kan bli trong for auka økonomisk ramme til forprosjektet. Kommunedirektøren vurderer ei eventuell budsjettjustering i samband med tertialrapport.